



Magne Skintveit
Skintveitvegen 108
5917 ROSSLAND

Referanser:
Dykkar:
Vår: 16/2211 - 16/16758

Saksbehandlar:
Laila Bjørge
laila.bjorge@meland.kommune.no

Dato:
01.09.2016

Godkjenning av søknad om fritak frå gjødselplan 2016. GBNR 44/3 - Skintveit

Administrativt vedtak. Saknr: 294/2016

Saksutgreiing:

Magne Skintveit har 8.8.2016 søkt om fritak for gjødselplan på grunn av ekstensiv drift. Drifta er 18 vinterfora sauer, og driftsforma er utegangardrift. Foretaket har 9 daa fulldyrka, 20 daa overflatedyrka og 15 daa innmarksbeite med eige og leigd areal. I tillegg vert utmarka nytta som beite. Det er ingen oppsamling av husdyrgjødsel og vert ikkje nytta kunstgjødsel.

Vurdering:

I forskrift om gjødselplanlegging står det i § 5 at kommunen kan etter søknad frå føretaket dispensera for kravet om gjødselplan for føretak som vert drive svært ekstensivt. Gjødslinga skal vera under 50 % av normgjødsling. Bruket har utegangardrift, få gjødseldyreiningar og nyttar ikkje kunstgjødsel. Kommunen har ingen merknader til å gje fritak frå krav om gjødselplan.

Vedtak

”Meland kommune gjev med heimel i § 5 i forskrift om gjødselplanlegging dispensasjon frå kravet om gjødselplan i 5 år fram til 30.09.2021 for gnr. 44, bnr. 3, då bruket er ekstensivt drive. Dersom det i løpet av desse 5 åra er endringar i areal, dyretal eller nytta gjødselmengde slik at føresetnadane for dispensasjon vert endra, må det fremjast ny søknad.

Vedtaket kan påklagast etter Forvaltningslova § 28, jf vedlagte skjema.

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Laila Bjørge
landbrukssjef

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakere:
Magne Skintveit

Skintveitvegen 108 5917

ROSSLAND